




POLITIET
KRIPOS

NARKOTIKA- OG DOPINGSTATISTIKK
2019

NARKOTIKA- OG DOPINGSTATISTIKK 2019

Generell saksutvikling

Kripos' narkotikastatistikk er ein total, nasjonal statistikk som inneheld både toll- og politibeslag. I 2019 blei det registrert 23 413 saker. Dei siste fem åra er det blitt stadig færre narkotikasaker, og i 2019 er det 25 % færre saker enn i 2014. Etter ein viss auke i saker første halvår 2019 var det igjen ein nedgang andre halvåret. Året sett under eitt fekk Kripos tilsendt 3,9 % færre narkotikasaker i 2019 samanlikna med året før.



Definisjoner

Ved Kripos bruker vi desse definisjonane:

Sak:

Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Talet på saker er uavhengig av den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetnad og innførsel. Det betyr at ei og same straffbare handling berre er registrert som éi sak ved Kripos.


Beslag:

I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på forskjellige stader og på ulike tidspunkt. Delpakningar med ein og same stofftype reknar vi derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tid og stad.

Beslagsutvikling for dei enkelte stoffgruppene

Utviklinga i talet på beslag og beslaglagd mengd for enkelte stoffgrupper er kommentert i tekst og vist i diagram under.

Vi presiserer at tala ikkje er heilt sikre. Det er dels fordi om lag to tredjedelar av narkotikasakene er mindre saker som blir avgjorde med førelegg, utan at stofftypen er verifisert med analyse. Her er omtrentleg mengd og truleg stofftype registrert og lagd til grunn for statistikken. Dels er tala usikre fordi ein del saker frå 2019 ikkje er ferdig analyserte. Generelt ventar vi berre mindre korrigeringar av mengd og sakstal etter kvart som vi verifiserer desse beslaga med kjemisk analyse. Hovudtrendane trur vi ikkje blir påverka.



Fordeling etter talet på beslag i 2019.

Cannabis – blir beslaglagt i vel halvparten av alle narkotikasakene, høg styrkegrad

Til saman for hasj, marihuana og cannabisplantar er det beslaglagt 2 542 kg, fordelt på om lag 13 048 beslag. Cannabis blir beslaglagt i om lag 56 % av alle narkotikasakene, enten aleine eller saman med andre stoff. Hasj blir beslaglagt vesentleg hyppigare og i betydeleg større mengder enn marihuana. Hasj utgjør om lag 79 % av talet på beslag og 83 % av mengdene. Talet på beslag er omtrent på same nivået som dei tre føregåande åra. Mengdene er mindre enn i 2018, men omtrent på gjennomsnittet for det siste tiåret.

Som elles i Europa¹ har styrkegraden på cannabisprodukt auka kraftig dei siste åra. Det er berre i få beslag at styrkegraden blir bestemd, men som oftast i dei største beslaga. I 2019 varierer styrkegraden i analyserte hasjbeslag frå 1 % til 45 % THC, med eit gjennomsnitt på 29 %. I marihuana varierer styrkegraden i analyserte beslag frå 4 % til 20 %, med eit gjennomsnitt på 13 %. Dette er dei same nivåa som blei registrerte i 2018.

Amfetamin/metamfetamin – stadig mindre metamfetamin

Det er til saman beslaglagt 493 kg amfetamin og metamfetamin, fordelt på 5 100 beslag. Talet på beslag er på same nivået som i 2018. Mengdene er litt større enn i fjor, men på same nivået som i 2016 og 2017.

I perioden 2008–2013 blei metamfetamin beslaglagt hyppigare enn amfetamin. Fleire år blei også metamfetamin beslaglagt i større kvanta enn amfetamin. I 2014 snudde denne trenden, og amfetamin har sidan stått for ein stadig større del av beslaga og dei beslaglagde mengdene. I 2019 utgjør amfetamin 87 % av talet på amfetamin-/metamfetaminbeslag og heile 97 % av mengdene.

Foreløpige resultat for 2019 viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 28 % for amfetamin og 25 % for metamfetamin. Styrkegraden på amfetamin har dermed auka litt dei siste to åra, medan styrkegraden på metamfetamin har vist ein relativt kraftig fallande tendens.

Kokain – framleis auke i beslag og styrkegrad

Det er beslaglagt om lag 129 kg kokain, fordelt på 1 508 beslag. Mens talet på narkotikasaker totalt har vore fallande, har talet på kokainbeslag hatt ein sterkt aukande tendens og står no for 5 % av alle narkotikabeslaga. Frå 2018 til 2019 er auken på om lag 14 %. Mengdene er òg store sett i eit tiårsperspektiv.

1 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2019. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2019.

Den gjennomsnittlege styrkegraden har auka betydeleg dei siste åra. Foreløpige tal viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 63 % i 2019. Til samanlikning låg gjennomsnittleg styrkegrad ganske stabilt rundt 34 % i perioden 2006–2015.

Heroin – talet på beslag meir enn halvert det siste tiåret, men ein viss auke siste året

Det er beslaglagt om lag 83 kg heroin, fordelt på 682 beslag. Sjølv om det har vore ein liten auke i talet på beslag det siste året, er talet på beslag meir enn halvert det siste tiåret. Men dei beslaglagde mengdene er relativt store sett i det same tiårsperspektivet.

Foreløpige resultat viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 15 %, det same som dei to føregåande åra.

Opioidhaldige medikament– store mengder tramadol

Talet på beslag av opioidhaldige legemiddel aukar. Totalt er det beslaglagt om lag 919 000 opioidhaldige tablettar/kapslar, fordelt på 912 beslag. Spesielt er det beslaglagt store mengder tramadol, totalt om lag 880 000 einingar, fordelt på om lag 200 saker. Blant desse er det nokre store saker med svært mange einingar. Tramadol er eit smertestillande opioid som er vanedannande og har misbrukspotensial. I Noreg er det klassifisert som reseptpliktig legemiddel, men fleire land, deriblant Sverige, har klassifisert tramadol som narkotika.

Bruken av sterke smertestillande middel som oksykodon og tramadol har auka vesentleg i Noreg dei siste åra,² og fleire døyr no av andre opioid enn av heroin.³ Tramadol er knytt til ei rekke dødsfall i Europa.⁴

MDMA – rekordstore mengder, men færre beslag

Det er beslaglagt om lag 93 400 tablettar og nesten 30 kg MDMA-pulver og krystallinsk materiale, fordelt på 1 134 beslag. Talet på beslag er 11 % lågare enn i 2018 og har gått ned for første gong sidan 2010. Talet på beslag er tilbake på 2017-nivået, og er uansett høgt i eit tiårsperspektiv. Beslaglagde mengder er på nivå med rekordåret 2015 og over dobbelt så store som i 2016–2018. Sjølv om det også er ein auke i talet på beslaglagde tablettar, er det spesielt beslaglagt mykje pulver. Det beslaglagde pulveret svarer til om lag 167 000 tablettar med ein styrkegrad på 150 mg/tablett.

Styrkegraden på beslaglagt pulver er ofte høg, men varierer meir enn tidlegare år. Variasjonane i analyserte beslag ligg mellom 11 og 92 %, med eit gjennomsnitt på 84 %.

2 <https://sykepleien.no/2018/06/kraftig-okning-i-bruk-av-smertestillende-opioider>, henta 08.08.19.

3 <https://www.fhi.no/nyheter/2018/nakotikautoste-dodsfall-2017/>, henta 08.08.19.

4 http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/11485/20193286_TD0319444ENN_PDF.pdf, henta 09.08.19.

Tablettane har vesentleg høgare styrkegrad enn i byrjinga av 2000-talet. Den gongen var 100 mg/tablett ganske vanleg. I 2019 er variasjonane i analyserte beslag mellom 112 mg/tablett og 249 mg/tablett, med eit gjennomsnitt på 177 mg/tablett. Det er litt høgare enn i fjor.

Benzodiazepin – rekordstore mengder tablettar

I 2019 er det beslaglagt om lag 1 748 000 tablettar med benzodiazepin, fordelt på 3 972 beslag. Talet på beslag har vist ein kraftig fallande tendens sidan 2014 og fortset å gå litt ned i 2019. Men beslaglagde mengder er dei høgaste nokon gong.

GHB/GBL – litt færre beslag, litt større mengder

Totalt ble det beslaglagt 231 liter GHB og 159 liter GBL, fordelt på 554 beslag. Etter beslagsauke i 2017 og 2018 har det vore ein liten nedgang i talet på beslag i 2019. Mengdene er litt større enn i fjor og omtrent på gjennomsnittet for det siste tiåret.

Nye, psykoaktive stoff (NPS) – få beslag, diazepin dominerer, nedgang i fentanylbeslag




Medan talet på NPS-beslag var betydeleg i 2012–2015, med rundt 900 beslag årleg, har det vore ein stor nedgang i slike beslag dei siste åra. Lovregulering i Noreg og andre land og dårlege brukaropplevingar kan vere nokre av årsakene til nedgangen. I 2019 har det vore 159 NPS-beslag, og det utgjør under 1 % av alle beslaga. Det er benzodiazepinliknande stoff som dominerer, hovudsakleg stoffa diklazepam og etizolam, som til saman utgjør nesten halvparten av beslaga. Etter nokre år med auke i potente fentanylbeslag har det vore færre fentanylbeslag det siste året.



LSD – kraftig nedgang i talet på beslag

I 2019 er det beslaglagt 12 599 einingar LSD, fordelt på 275 beslag. Det er ein nedgang på 33 % i talet på beslag samanlikna med 2018, men det er litt fleire einingar.


Anabole androgene steroid – talet på beslag er relativt stabilt




Beslagstala har auka betydeleg etter at bruk og innehav av dopingmiddel blei kriminalisert i juli 2013. I 2019 har det vore 1 244 beslag av anabole androgene steroid, og det er ein svak auke dei to siste åra. Beslaga består dels av tablettar og kapslar, dels av løysningar i ampullar og hetteglas, meinte for injeksjonar. Produkt og emballasje ser relativt profesjonelt ut, med varedeklarasjonar, logoar, produsent- og produkt-namn. Men produkta er gjerne produserte illegalt. Verkestoffet i produkta er ofte eit anna enn det som er deklart, og om det er rett verkestoff, kan konsentrasjonen vere ein heilt annan.










*) Beslag av amfetamin- og metamfetaminbase er rekna om til mengd pulver av normal styrkegrad (30 % er brukt for alle åra).
















*) For alle åra er beslaglagd mengd pulver rekna om til tablettar med 150 mg verkestoff. Vi har teke utgangspunkt i at pulveret har ein styrkegrad på 85 %. I tidlegare rapportar er pulveret rekna om til tablettar med 100 mg verkestoff. Dei siste åra er tablettane blitt sterkare, så det blir rettare å rekne pulveret om til tablettar med 150 mg verkestoff.






Beslaglag av anabole androgene steroid (talet på beslag)



Fentanyl og fentanylforbindingar (talet på beslag)



Tal av beslag fordelt på politidistrikt i 2019 (beslag er førte i det distriktet som etterforskar saka)

Politidistrikt	Cannabis	Amfetamin/ metamf.	Kokain	Heroin	MDMA	BZD	GHB/GBL	Opioidhaldege legemiddel	Anabole steroid	Totalt tal av saker**
Agder	828	419	90	18	79	308	32	81	84	1 427
Finnmark	171	99	6	2	19	38	3	14	22	294
Innlandet	642	269	64	23	34	154	33	40	47	1 115
Møre og Romsdal	531	308	26	7	59	145	26	34	40	923
Nordland	532	231	28	10	67	168	2	52	30	870
Oslo	3 239	876	530	357	146	638	164	136	131	5 386
Sør-Vest	1 162	516	85	7	134	489	56	102	113	2 112
Sør-Øst	1 442	601	188	62	134	475	79	71	161	2 594
Troms	488	173	30	19	32	121	15	37	43	780
Trøndelag	954	438	115	7	141	322	18	72	98	1 697
Vest	1 107	555	132	75	130	567	43	124	105	2 129
Øst	1 937	612	210	93	152	545	83	145	367	4 048
Andre*	15	3	4	2	7	2	0	3	3	38

* Kripas og andre særorgan i politiet.

** Det totale talet av beslag vil ikkje vere summen av dei enkelte stofftypene som er lista opp. Årsaka er at ei sak ofte inneheld beslag av fleire ulike stofftypar. Det blir òg beslaglagt andre stoff enn dei som er lista opp enkeltvis i denne tabellen.

Beslaglagd mengd narkotika fordelt på politidistrikt i 2019 (beslag er førte i det distriktet som etterforskar saka)

Politidistrikt	Cannabis (kg)	Amfetamin/met. (kg)	Kokain (kg)	Heroin (kg)	MDMA	BZD (tablettar)	GHB/GBL (liter)	Opioidhaldege legemiddel (tablettar)
Agder	209	47	3,4	0,046	54 206 tabl. 6,868 kg	477 688	32,721	44 624
Finnmark	8	8	0,2	0,011	122 tabl. 0,024 kg	2 148	0,970	33
Innlandet	272	20	10,5	0,040	516 tabl. 0,424 kg	6 293	6,692	969
Møre og Romsdal	19	6	21,0	0,005	534 tabl. 0,339 kg	9 776	12,415	1 030
Nordland	62	6	0,3	0,081	5 727 tabl. 1,821 kg	15 896	0,050	568
Oslo	669	48	25,1	43,043	2 151 tabl. 2,664 kg	208 878	170,240	4 961
Sør-Vest	44	15	1,1	0,011	7 788 tabl. 2,333 kg	62 324	25,156	2 444
Sør-Øst	76	76	3,0	0,178	3 147 tabl. 2,442 kg	35 319	46,116	1 877
Troms	27	8	0,1	1,002	569 tabl. 0,104 kg	17 656	1,435	515
Trøndelag	89	36	1,0	0,010	2 102 tabl. 1,284 kg	39 474	2,810	945
Vest	386	22	2,4	0,935	2 534 tabl. 0,562 kg	44 274	15,487	1048
Øst	431	139	54,5	38,011	13 713 tabl. 5, 520 kg	827 908	76,525	859 904
Andre*	251	53	6,9	0,003	320 tabl. 5,146 kg	224	0	4

* Kripas og andre særorgan i politiet.

